

# Gamlegard

Villanger bnr. 5,14  
co Vidar Mjøs  
Søre Renen 17  
5098 BERGEN  
tlf 907 88 921  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
Sparebanken Vest  
kto 3633.35.76656

Radøy kommune  
teknisk etat

5936 MANGER  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

14. mars 2014

## Gnr. 18 Villanger, bnr. 5. Tiltak i strandlina. Spørsmål om søknadsplikt.



Rossnesvegen kryssar strandlina i Vaulen, over den indre moreneryggen der terskelen ligg mellom middelvatn og flomålet, slik at det ved flo sjø renn sjøvatn inn i Vågsbotnen. Mellom Rossnesvegen og den ytre moreneryggen (Vågarden) er det eit vassdrag med eit grunt basseng. Nivåskilnaden mellom den indre og ytre moreneryggene er om lag ein meter. Eigedomsgrensa vil her etter gjeldande praksis følgja midtålen i vassdraget, eventuelt liggja ligg om lag 2 meter under middelvatn ("så langt ut som hest kan vada").



Innafor Rossnesvegen - i Vågsbotnen - er det brakkvatn.



Sørsida. 11. august 2012, ca. kl 1730. Grillfest. Teltet er 14 x 6 m. Behov for utbetring av eksisterende landbruksavkjørsel. (I framgrunnen : offentleg badeplass på Risnessida).



Nordsida. Behov for utbetring av eksisterande landbruksavkjørsel, flytting av haug med skrotmassar (etter vegvesenets rydding av veggrøfter) og flytting av steinmassar i strandlinia.



Aktuelle oppryddingstiltak :

- kjørbar og gangbar sone langs stranda, etablert ved lokal flytting av morenemassar
- opptrekk for lette båtar, mellom strandsona og ei lita heva fjøreflate utafor.



Storparten av granskogen i Vågarden er no felt.

---

Etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter er terregendringar mindre enn 3 m i spreiddbygde strøk unntake soknadsplikt.

Er det andre reglar som vil gjera seg gjeldande i dette tilfellet ?

Vidar Myrs